

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.03.2021

Fylkesdirektør gav følgjande svar:

«Musea har ein kompleks samfunnsrolle. I museumsmeldinga frå 2008/09 er samfunnsrolla til musea omtalt slik:

«Selve samfunnsrollen eller samfunnsoppdraget for museene ligger i å utvikle og formidle kunnskap om menneskers forståelse av og samhandling med sine omgivelser. I dette ligger stor faglig frihet og samtidig utfordringer for museene i å definere og avgrense hva som er relevant og viktig i et samfunnsperspektiv. Dette er et faglig kjernespørsmål i museene som krever kontinuerlig analyse og refleksjon (St. meld. nr. 49. (2008-2009), s. 145)».

Klima- og miljøspørsmål er særlig aktuelle i dag og musea står i ein unik posisjon til å kunne bidra med utstillingar og anna formidlingsarbeid der klima- og miljøspørsmål vert sett på dagorden.

Musea har også ei viktig rolle i å sikre berekraftig forvaltning av kulturhistoriske bygningar. Formålet med å bevare bygningar på museum er ikkje berre å vise korleis husa såg ut før, eller korleis dei vart brukte, men også formidle kunnskap om korleis dei vart bygde. Kunnskapen om bygningar og byggeprosessar kan få ny aktualitet i leitinga etter klimavennlege løysingar, både i ein bygge-, bruks- og vedlikehaldsfase. Bevaring, gjenbruk og ny bruk av eksisterande bygningsmasse kan vera eit viktig bidrag til reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp. Bevaring av gamle hus er såleis eit bidrag til å hindre utslepp av klimagass.

I dei årlege tilskotsbreva frå Kulturdepartementet vert musea oppmoda om å vurdere eigne klima- og miljøtiltak og rapportere på desse. I dette inngår Miljøfyrtårn-sertifisering for å oppnå ei meir berekraftig drift og gjennom dette bidra til å redusere klimagassutslepp og påverknad på det ytre miljø.

I møte 13.02.2020 handsama Hovudutval for kultur, idrett og integrering [PS 14/2020](#) om «[Krav til driftstilskot gjennom budsjetvedtak til kunst, kultur og idrett](#)». Fylkestinget gjorde [vedtak](#) i saka 03.03.2020. Den regionale kulturpolitikken er i tråd med nasjonal politikk som byggjer på «arm lengdes-avstand-prinsippet». Kulturpolitikken i gjeldande planverk legg til grunn kulturens eigenverdi og varsemd i høve detaljstyring og ei instrumentell innretting av kulturpolitikken.

Formålet med driftstilskota er fremje eit aktivt og allsidig kunst- og kulturliv i fylket. Det som ein kan få støtte til er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prosjekt, men gjeld verksemda som heile. Driftstilskotet er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei fylkespolitiske målsettingane på feltet. I vedteken [innretting og retningslinjer for tilskotsordninga](#) vert det mellom anna stilt følgjande generelle krav til mottakarar av driftstilskot:

«I tråd med FN sine berekraftsmål legg Vestland fylkeskommune til grunn at mottakarar av tilskot til kunst og kulturføremål legg vekt på ei mest mogleg berekraftig verksemd».